

ORDENSREGLEMENT FOR SKULANE I VINDAFJORD

1. Lovheimel

Ordensreglementet er heimla i

1. Opplæringslova, § 2-9:

"Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast."

Kommunestyret har delegert vedtaksretten i §2-9 til rådmannen, som har delegert vidare til rektor ved skulen.

2. Opplæringslova §9a-1:

"Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring"

2. Verkeområde

Ordensreglementet gjeld i skuletida, på skulevegen og ved tilstellingar under leining av skulen.

Punkt 1-7 gjeld for alle skulane i Vindafjord. Den einskilde skulen kan i tillegg ha utfyllande reglar, tilpassa lokale tilhøve. Dette har punkt nr. 8.

3. Åtferd

Alle skal visa omsyn og respekt for andre, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller vaksne på skulen.

Det er ikkje lov å bruka eller ta med nokon form for rusmidlar på skulen.

4. Undervisningssituasjonen

Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevar skal møte førebudde, vera punktlege, visa god arbeidsinnsats, ha med nødvendige læremiddel og følgja opp avtalt arbeid.

5. Eigedom

Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.

6. Konsekvensar ved brot på ordensreglementet

1. Irettesetjing
2. Melding heim, skriftleg eller munnleg. Eleven skal vera orientert når merknad blir sett.
3. Samtale med elev og foreldre / føresette.
4. Eleven kan i ein periode få avgrensa rettar på skulen.
5. Utvising frå skulen etter gjeldande reglar. Jmfr. Opplæringslova §2-10:

"Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar på årstrinna 8-10 som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, og at elevar på årstrinna 1-7 kan visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen."

Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal ein ha vurdert å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak. Foreldra til elevar på årstrinna 1-7 skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor bestemme at lærarane skal ha mynde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar.”

På ungdomsskulen skal det vurderast om brotet fører til nedsett karakter, jmf. p 7.

7. Vurdering i orden og åtferd

Vurdering i orden og åtferd er ein del av undervegsvurderinga. Det skal givast halvårsvurdering utan karakter i orden og åtferd i heile opplæringsløpet.

I ungdomsskulen blir det i tillegg sett karakter i orden og åtferd, jmf. Forskrift til Opplæringslova §3-5.

Kriteria for dei ulike karakterane er sette slik her i kommunen:

Orden

Karakteren "god":

Ein elev som utan kommentar får denne karakteren, har få brot på ordensreglane, viser god arbeidsinnsats og kjem førebudd og presis til timane.

Karakteren "nokså god":

Ein elev som får denne karakteren har fleire ulike brot på ordensreglane *eller* stadig gjentekne like brot *eller* dårleg arbeidsinnsats *eller* ofte for seint til timane *eller* for seint eller ikkje levert arbeid.

Karakteren "lite god":

Karakteren blir gitt dersom det er ein elev som har gjentekne brot på ordensreglementet, leverer sjeldan, har ulovleg fråvær. Det er då snakk om merknader mest kvar veke.

Åtferd

Karakteren "god":

Karakteren blir gitt til elevar som viser ei normal grei åtferd mot medelevar og vaksne.

Karakteren "nokså god":

Denne karakteren kan ein elev få dersom han har to eller fleire alvorlege episodar mot medelev eller lærar *eller* generell dårleg åtferd mot medelev (erting, kommentarar, tydeleg negativ kroppsspråk) *eller* generell dårleg åtferd mot vaksne på skulen (frekke kommentarar, negativt kroppsspråk, uro i timar, nekting), *eller* juks, uærlig framferd, *eller* røyking eller bruk av rusmidlar.

Karakteren "lite god":

Denne karakteren blir gitt dersom det er ein elev som generelt viser liten vilje til å visa normal åtferd, ikkje rettar seg etter påtale og som treng påminning om rett åtferd mest kvar veke.

8. Lokale konkretiseringar for Vik skule

Ved Vik skule gjeld i tillegg desse lokale reglane:

Alle har ansvar for at Vik skule skal vera ein triveleg og god arbeidsplass for både elevar, lærarar og andre tilsette. Me må ta omsyn til kvarandre og visa respekt og omsorg.

Skuledagen blir god dersom både vaksne og elevar er høflege og greie mot kvarandre. Me har ein flott skule og er omgitt av fine friluftsområde. Me har eit ekstra ansvar for å ta vare på dette.

Me har nulltoleranse mot mobbing og følger "Handlingsplan mot mobbing i Vindafjordskulane" (*Vedtatt kommunalt og i rådsorgana på Vik skule hausten 2010*)

Desse overordna reglane fører til at me skal følgja desse punkta:

Friminutta:

1. Alle skal halda seg inne på skuleområdet. Skuleområdet er avgrensa av vegen i aust, fotballbanen i sør og parkeringsplassen til barnehagen i nord. Skogsområdet i vest og nord kan nyttast, men elevane skal ikkje gå lenger bort enn at dei kan vera i klasserommet når timen startar. Ordensreglane gjeld framleis når ein er utaføre skuleområdet. Skal ein ut av skuleområdet i andre tidspunkt er det kontaktlærer som gir løyve.
2. Elevar kan sykla til skulen og set syklane i skuret. Det skal ikkje syklast på skuleområdet eller utføre skuleområdet i friminutta.
3. Alle skal kunne ha friminutt utan å bli plaga, erta, utestengd eller uroa i leiken.
4. Farlege leikeredskap eller farlege leiker skal ikkje brukast på skulen. I fyrste omgang er det inspiserande vaksen som tek avgjerd for det enkelte friminutt. Ved varige forbod informerer rektor alle elevar og tilsette.
5. Aking skal skje i tilviste akebakkar.

Diverse reglar:

1. Ansvarleg lærar kan tolka reglane til tilhøva der klassen er, og han/ho kan gje nye reglar og informera klassen om desse. Desse gjeld då med same kraft som skulen sitt ordensreglement.
2. Det skal vera lister i klasserommet som viser ansvarsområda til elevane når det gjeld rydding, ordenselevar, mjølkehentarar og liknande
3. Røyk og all form for rusmiddel er forbode å nyta og /eller ha med på skulen.
4. Snop skal ikkje nyttast på skuleområdet utan særskilt løyve.
5. Alle meldingar som gjeld fråvær, for seint, fritak kroppsøving eller liknande skal stå i meldeboka , event. på mail.

Tidsavgrensa suppleringsreglar

Rektor kan gje supplerande reglar. Desse skal vera tidsavgrensa. Samarbeidsutvalet kan vedta nye reglar som etter høyring og vedtak blir ein del av ordensreglementet.

Konsekvensar:	
▪ Ved uro/ikkje arbeid i timen:	Dersom ein elev tross gjentekne beskjeder ikkje vil arbeide i timen, eller framleis uroar undervisninga, blir det notert og eleven blir vist bort frå timen. Han tek med seg skulearbeid og vil bli plassert i eige rom eller i ein annan klasse. Melding heim når uro/ikkje arbeid blir sett på som eit problem.
▪ For seint og gløyming:	Kontaktlærer skal ha beskjed. Melding heim når skulen ser på gløyming som eit problem.
▪ Ikkje gjort lekser:	Foreldre skal ha beskjed når leksegløyming blir sett på som eit problem
▪ Dårleg åtferd, enkeltepisodar eller liknande:	Kontaktlærer skal ha beskjed. Sanksjonar (Ikkje lov til ..., stengt ute frå...,) kan setjast i verk av lærar, kontaktlærer eller rektor. Foreldra skal då informerast.
▪ Gjentatt erting, plaging eller mobbing:	Foreldre og rektor skal informerast. Me følger vidare "Handlingsplan mot mobbing i Vindafjordskulen" (Vedtatt aug. 2010) Før all refsing eller sanksjonar skal eleven ha fått lagt fram sitt syn.

ORDENSREGLAR OG KONSEKVENSA

Vik skule brukar undervisningsopplegget "Det er mitt val" som fast opplæringsprogram om skulemiljø, sosiale ferdigheter og forebyggjande arbeid.

"Det er mitt val" har hovudvekt på å trenar barn i å - ta ansvar - kommunisera - auka sjølvtiliten - ta avgjerd og setta seg mål.

Me trur det er viktig å fokusere på få reglar, men å følgje dei me har, konsekvent opp. Alle er me ulike. Det gjeld både elevar og vaksne på skulen, og føresette. Det er viktig å lære å akseptere det. Men det er også viktig at alle har ei lik haldning til det felles offentlege rom skulen er, og at me rettar oss etter dei reglar som gjeld der.

- Med **uro** meiner me ein elev som uroar medelevar og lærar så mykje at det går ut over undervisninga.
 - Med **ukvemsord** meiner me ein elev som kjem med nedsetjande uttalar/fakter til eller om ein medelev eller vaksen.
 - Med **dårleg åtferd** meiner me ein elev som bannar eller brukar andre krenkjande ord, eller elev som gjer forsøk på å argumentere eller forhandle seg ut av ei irettesetjing frå vaksen.
- Ved uro/ bruk av ukvemsord eller anna dårleg åtferd skal eleven få ei åtvaring og dermed høve til å ta seg inn att.
 - Dersom dette ikkje skjer, vert det følgjande konsekvens:
 1. Den vaksne følgjer eleven, som må ringje føresett og fortelje kva som har hendt.
 2. Er ikkje føresett å få tak i, eller er det mest hensiktsmessig, skriv eleven ned det som har skjedd. Den vaksne og eleven signerer. Brevet skal leverast heime same dag, og returnerast til skulen neste skuledag, med underskrift frå føresett.
 3. Let ikkje punkt 1 og 2 seg gjere, tek den vaksne kontakt med heimen snarast råd.
 4. I 1.-2.klasse er det mest naturleg å gå rett på punkt 3. Lærar vurderer om eleven skal vere med når han ringjer.

Ordensreglementet blir gjennomgått med personalet og sendt heim til føresette ved oppstart av nytt skuleår. Rektor orienterer om det i kvar enkelt klasse.

